

NR. 6

JUNI 1985

18. ÅRG.

## Sommersalme

Av Paul Gerhardt

Gå ut i dagens lys og blid,  
i denne ljuve sommartid,  
og gled deg ved Guds under!  
Dei hjarte blomar ved din veg,  
dei har seg prydd for deg og meg.  
Å du, for fagre stunder!

Dei grøne åkrar veks og gror.  
Det gleder gamal, liten, stor.  
Og himlens Gud dei priser,  
som opnar raust si rike hand  
med fagnad mettar møy og mann  
og mykje godt oss viser.

Sjølv kjenner eg ein trong so sterk:  
den store Gud sitt store verk  
med alle sansar lova.

Når alltind syng, so syng eg med,  
ein lovsong for den høgste kved,  
for livsens store gåva.

Kan her so mykje vent me sjå,  
og kan alt her me glade gå,  
i denne arme verda,  
kor må det verta ljuvt og godt  
i himlens telt, det gyline slott,  
der alt skal ropa: «Æra!»



**GOD SOMMAR**

Det er ennå plass

## DET STORE GJESTEBUDET:

Luk. 14. 15-24.

Vi fikk innbydelse til bryllup. Innbydelseskortet hadde ved en feiltagelse kommet på avveie, og nådde oss en uke før bryllupet. Det var et bryllup vi gjerne ville være med i, og vi anstrengte oss på mange ulike måter for å komme av sted... Vi ville ikke at våre plasser skulle stå tomme. Gleden ved å være til stede og få delta i festen, var verd alle anstrengelser og utlegg. Våre plasser sto ikke tomme.

I dag får vi en lignende innbydelse. Det er Jesus selv som innbyr oss til samfunn og fellesskap med seg.

I lignelsen forteller Jesus om en mann som ville gjøre et stort gjestebud, men ble møtt med de merkeligeste unnskyldninger fra de innbudtes side. Husbonden ble harm og ga tjeneren en ordre:

«Gå straks ut på byens gater og streder, og hent inn de fattige og vanføre og blinde og lamme». Og snart kunne tjeneren melde: «Herre, det er gjort som du sa, men det er ennå plass». Igjen fikk tjeneren beskjed om å gå ut og nøde folk til å komme, så huset kunne bli fullt.

Vi får og denne inntrengende utfordring om å komme. Hva svarer vi?

Fremdeles lyder det: «Det er ennå plass». Men ennå er et ord som forteller oss at en gang er tiden ute.

Jeg fikk stukket en liten trykksak i hendene for en tid siden. På frem-siden står det: «Når passer det...» og inni «...å tenke på Gud?»

Inni var det en del tegninger av et livsløp fra vugge til grav med enkel tekst til hver: For ung, for populær, for tøff, for gammel ... til å tenke på Gud. En gravstein var siste tegning med tekst under: «For sent å tenke på Gud».

— Jesus innbyr oss til det festmåltidet som kalles nattverden, men får de underligste svar: Jeg er ikke verdig, jeg forstår ikke nattverden, jeg er en altfor stor synder, eller jeg har da ikke gjort så mye galt. Kjenner vi oss igjen? Så godt det er å vite at nattverden og tilgivelsen er for alle når vi vil ta imot.

Dyp av nåde, underlig,  
Er det ennå rom for meg?  
Har forlatelse du mer?  
Jeg den største synder er.


Akk, jeg er så kald og død,  
Føler bare synd i meg!  
Får jeg komme med min synd,  
Er det ennå rom hos deg?

Jeg har stått din ånd imot  
Vandret borte langt fra deg,  
Trampet på ditt dyre blod,  
Er det ennå rom for meg?

Dyp av nåde, underlig,  
Er det ennå rom for meg?  
Har min sjel du ennå kjær?  
O, så ta meg som jeg er!

Spørsmålene i sangen er det svar på. Det er ennå rom.

Björg Olsen



16. juni. Luk. 14, 15-24

## KYRKJELYDSTUR

Kyrkjelydsturen går dette året til Hålandsdalen. Søndag 1. september reiser vi frå Ytre Arna og Arna kyrkjelyd, og vi vonar også dette året å verta rundt 100 deltakarar.

Programmet vert delt ut i kyrkjene, og påmelding kan ein levera/ringja til kyrkjekontora på førehand.

## TUR FOR ELDTRE

Eldretreffen på Flatane i Ytre Arna arrangerar tur til Øygarden onsdag 14. august. Reiseleiar er Harald Sundsbø, og påmelding kan skje til Ytre Arna kyrkjekontor, Harald Sundsbø eller til Arthur Askeland. Også dei som ikkje er med på eldretreffen kan vera med på tur. Nærare program får ein på kyrkjekontoret (tlf. 24 85 46) eller i kyrkja.

**Opplev Israel**  
frå Eilat i sør til Golanhøgda i nord.

Les i Bibelen i bibelens land. Møt misjon i praksis. 15 dagers tur, 3.-27. oktober.

Reiseleiarar: Olav Hesjedal og Ola Melhus.

Opplysningar ved DEN NORSKE ISRAELSMISJONEN, Chr. Michelsensgt. 8, 5000 Bergen, tlf. 23 06 46.

## JONSOK-AFTA v/Osevatnet kl. 19.30

Andakt ved Harald Sundsbø.

Song.

Salg av pølser og brus m.m.

Leikar for barn og vaksne.

Stork jonsok-bål.

Arr.:

Betania Y-ungdom  
Unneland Y.A.

## SOKNERÅDSVALG 1985

Det vert valg på nye sokneråd søndagane 13. og 20. oktober 1985 både i Arna og Ytre Arna kyrkjer. Dessutan vert det valg på Trengereid den 20. oktober. Vala blir haldne i samband med gudstenestene.

Til nominasjonsnemnder er følgjande personar valgte:

ARNA:

Svein Mjelde  
Asbjørg Bildøy  
Asbjørn Padøy  
Ellen Øgaard  
Einar Kristiansen  
Inger Kippersund  
Bjørg Hellesøy  
Kari Minde  
Lars Taule  
Dagny Midttun

YTRE ARNA:

Arthur Askeland  
Marie Teigland  
Else Solsvik  
Harald Sundsbø  
Aud Gaupås  
Knut Vesetvik  
Sylvi Sæle  
Odd Bjarne Fylkesnes  
Borghild Eikerol  
Sigfrid Olsen

Nominasjonsnemndene set opp valliste til Soknerådsvala.


## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



*Keiveland*

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

# Barneside




Takk Jesus  
for at jeg får  
være din venn



Du har sikkert en som du kaller din beste venn. Skal to være virkelig gode venner må de ha hverandre til venner.

Jesus var glad i sine disipler, og disiplene var glade i Jesus. Peter sa en gang til Jesus: «Herre! du vet alt, du vet at jeg har deg kjær». Jesus kaller disiplene for venner for å si dem at virkelig fint vennskap blir det når de også elsker Jesus og lærer å kjenne han.

Det er det sangen forteller om som begynner slik: «Jesus er min og jeg er hans, Jesus er kjærlighet».



## VANNRETT:

1. Etter vår
5. Småregn
6. Husdyr
8. Søke
9. Har sauene
13. Sønn av Jakob
15. Til å ro med
17. Hageredskap (bakvendt)
18. .... fola Blakken
19. Kan vi med øyet

## LODDRETT:

1. Har vi på hesten
2. Det vi spiser
3. Ikke lite
4. Re, bakvendt
6. Har vi på oss
7. Hyl
10. En som bestemmer
11. Sta som et ....
12. Sofie uten s
14. Kvinnenavn
15. 12 måneder
16. Må vi for å leve

NOE  
Å  
LURE  
PÅ



Løsning på oppgåva i nr. 5 var:  
«Pinsa er kyrkja sin fødselsdag».

Vinnar vart: Eivind Røkenes, Vestlivegen 28, 5260 Indre Arna.

## Når kommer pakkene fra Hjemmenes Dåpsring?

Vi har stilt spørsmålet til Fred Riktor, daglig leder for HD.

– De kommer snart, svarer han. I juni avslutter vi et langvarig og grundig arbeid med å fastlegge innholdet i pakkene for de seks første årene. Nå er vi i gang med å lage det som skal legges i pakkene, og oppunder jul neste år er materialet for første og fjerde leveår klart for salg.

– **Hva slags materiell blir det?**

– Slikt som kan gi støtte til en god dåpsopp-læring i hjemmet, bidra til en allsidig stimule-ring av barnas utvikling – og hjelpe familien til å fungere godt sammen.

– **Kan du nevne eksempler?**

– Kassetter med sanger, pekebøker, fargestif-ter, kosedokke, illustrerte bibelfortellinger og andre fortellingsbøker, veggbilder, puslespill, noe å forme av – og mye, mye annet.

– **Kommer alt dette i én pakke?**

– Nei, pakkene kommer til medlemmene ca. tre ganger i året og med fire-fem ting i pakken hver gang. Pakkene er aldersbestemt, og innholdet passer ganske nøye til de behov og de muligheter barnet har etter hvert som det vok-ser til.

– **Og foreldrene, skulle ikke de også få hjelp?**

– Joda. I hver pakke ligger det en enkel og oversiktlig foreldreveiledning med stoff om bar-net og dets utvikling, om dåpsopplæring, om familien – og om bruken av materialet.

– **Men alt dette må da bli dyrt?**

– Ett års medlemskap vil koste det samme som å fylle tanken på bilen én gang, og det er

vel ikke dyrt hvis vi setter barna og et kristent familiearbeid høyt. Dessuten tror jeg brukerne vil oppleve at de får god valuta for pengene.

– **Hvor får dere økonomi til å forberede og lage alt sammen?**

– Vi har fått noen bidrag fra kommuner og banker, men mest fra enkelt personer, organi-sasjoner, menigheter og det offentlige, rundt 3½ millioner kroner i alt til nå.

– **Er det nok?**

– Nei, vi må opp i minst det dobbelte hvis vi skal make å betale alle regningene som pro-duksjonen fører med seg. Men vi vet at flere og flere ser hvor viktig hjelpen fra HD kan bli for den kristne oppdragelsen i hjemmet og for vekst og utvikling i menighets- og kristenliv i landet vårt. Derfor venter vi en stadig sterkere oppslutning fra menigheter og enkeltpersoner.

– **Og hvor skal de vende seg med sine gaver?**

– Til HJEMMENES DÅPSRING

Boks 6781 St. Olavs pl.

0130 OSLO 1

(kontoradr. Keysersgt. 13<sup>ll</sup>)


tlf. 02 – 42 26 33

Postgiro 5 00 38 01

Og de som er interessert i flere opplysninger om HD, kan ringe eller skrive til oss, så sender vi gjerne informasjonsmateriell.

Bildet viser fra venstre styreformann i HD, Finn Wagle, daglig leder Fred Riktor, prosjektredaktørene Brit Maria Austad og Terje J. Johnsen og kontorfullmektig Vibeke Bjørklund – en glad stab samlet i et godt og spennende arbeidsfellesskap.





## Arna Kyrkjelydsskule inviterer til:

### OPNE TEMA/SAMTALE-KVELDAR

ein onsdag i månaden i tida august – november 1985.

Stad: Kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Tid: kl. 19.30-21.30.

**28. august:**

KVA VIL DET SEIA Å VERA EIN KRISTEN? v/Harald Sundsbø.

**18. september:**

NÅR JESUS MØTER MENNESKE – KVA SKJER? – DEN GONGEN (NT) OG I DAG. v/Trygve Helge Kleppestø.

**23. oktober:**

SKAL – SKAL IKKJE. KVA BETYR DEI TI MODER SOM RETNINGSLINJER I DAGLEGLIVET VÅRT? v/H. Sundsbø.

**20. november:**

KVA VIL DET SEIA Å HA «OLJE PÅ LAMPENE» SOM DEI FEM KLOKE BRURMØYENE?

(med sideblikk på tekstane nettopp i slutten av kyrkjeåret) v/T. H. Kleppestø.

Det vert innleiing om emnet, og så samtalar vi etterpå over ein kopp kaffi/te.

Ta med nistepakke te/kaffi vert servert.

Ta gjerne også med Bibel (eller Nytestamente).

Tema-kevdane er opne (ikkje påmelding) – og alle er velkomne!

Invitér gjerne nokon med deg!

### KYRKJELYDSKURS I DIAKONI

Diakoniutvalet og kyrkjelydsskulen planlegg eit kurs til hausten om diakoni i kyrkjelyden, med særleg vekt på den frivillige tenesta.

Kurset vil gå over 3 tysdagskveldar i september/oktober: 24/9, 1/10 og 8/10.

Forelesarar vert Audun Tang og Åse Madsen frå Haraldsplass, Ivar August Bye frå familierådgjevingsskontoret i Biskopshavn, lærar Kirsten Schaefer frå Storetveit og oversjukepleiar Ingrid Storsæter.

Kurset ver i Indre Arna.

Vi kjem tilbake med detaljert program i september-nummeret av kyrkjelydsbladet.

**GOD SOMMAR**

*frå styret for kyrkjelydsskulen*

### KORT SAGT

- om  
søndagsskulen  
i Arna



Lynintervju  
med  
Svein Mjelde,  
formann i  
Arna  
Søndags-  
skulelag

– Kor mange er med i søndagsskulen?

– I Arna er det med omlag 330 barn og så har vi omlag 45 søndagsskulearbeidarar.

– Korleis går arbeidet i søndagsskulen?

I den seinare tid har det vore ei negativ utvikling i søndagsskulen. Dette har ein merka over heile landet. I Arna er ein søndagsskule lagt ned fordi der ikkje var fleire barn der. Men, ein har også fått i gang ein søndagsskule som har vore ute av drift nokre år.

– Korleis er situasjonen med arbeidarane?

– Hittil har ikkje arbeidsmangel vore noko stort problem. Vi har prøvd med ein samling for arbeidarane og dette vil vi ta opp igjen i haust.

– Korleis er forholdet mellom søndagsskulen og kyrkja?

– Vi har søndagsskulens dag ein gong i året. Til hausten skal det vera fire familiegudstenester rundt i kyrkjelyden. Dessutan blir søndagsskulane inviterte til andre gudstenester. Dette har fungert godt og tiltaka er godt motteke blant barna.

– Kvifor er søndagsskulearbeidet så viktig?

– Ein vil prøva å vinna barna for Jesus. Om ikkje resultatet er lett å sjå på kort sikt, vil arbeidet ha verdi på lengre sikt. Det Ordet som er sådd er ikkje sådd forgjeves.

### Bønn i mattetimen

Av Kirsti Evensen

Herre, i dag regna jeg feil på et ligningsstykket. Det er ikke så uvanlig. Det var det som læreren sa etterpå, som var uvanlig. Det sa meg noe om Deg, Herre. Han sa: «Jeg er sikker på at dere alle har oppdaga hvor vanskelig det er å finne sin egen feil, mens andres kan en gå rett hen og peke på».

Herre, jeg har så lett for å «se flisen i min brors øye, men bjelken i mitt eget ser jeg ikke».

Men, mattelæreren sa mer: «Det beste en kan gjøre når en ikke finner feilen, er å begynne helt på nytt med stykket».

Takk, Herre, at Du er en tålmodig mattelærer som lar meg begynne på nytt, og på nytt! Du er verdens største viskelær. Med det visker Du ut det gale. Takk, for at Du glemmer det som har stått på papiret, og Takk for at jeg kan be Deg om hjelp, så stykket får rett løsning.

Fra Påskeboken -85  
Luther Forlag

### Arna Kyrkjelyd på tur



Søndag 9. juni drog Arna kyrkjelyd på tur etter familiegudstenesta. Turen gjekk til Smøråsfjellet i Fana, der det var lagt opp til leikar og bål-kos.

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døyppte

#### Arna sokn:

- 07/04: Steffen Vambheim Vågenes, døypt i Ytre Arna kyrkje.  
16/05: Ørjan Myklebust  
26/05: Rikke Helland Endresen, Victoria Kråkenes, Renathe Bolstad Hesjedal, Monica Eilertsen, Anders Aastvedt, Ove Aastvedt.  
19/05 Stina Nysæther i Voss kyrkje  
2/06 Renate Vik i Y.A kyrkje  
9/06 Morten Herfindal

#### Ytre Arna sokn:

- 26.05: Gro Elin Eliassen  
02.06: Renate Vik  
09.06: David Fjelde Skjelvik  
16/06 Lene Sævdal Vikne  
Marion Bekkenes



### Vigde

#### Arna sokn:

- 11/05: Sigbjørn Hauge og Tone Rigmor Nordgård, vigde i Oppheim kyrkje.  
24/05: Ivar Holmaas og Maud Sleire  
01/06: Willy Solberg og Bente Kristin Ekeland  
18/06 Tony Kversøy og Randi Utkilen
- #### Ytre Arna sokn:
- 25.05: Rune Nesse og Nina Lerås, vigde i Oppheim kyrkje.  
24.05: Asbjørn Rivenes og Ragnfrid Natås, vigde i Arna kyrkje  
15.06: Kjell Inge Eide og Astrid Helene Halldorson

### † Døde

#### Arna sokn:

- 08/05: Bjarne Olsen, f. 1899  
11/05: Arnold Wiik, f. 1919  
22/05: Ronny Riisnæs, f. 1971  
1/06 Erna Meringen f. 1908  
3/06 Magnus Lie f. 1906

#### Ytre Arna sokn:

- 13/05: Agnes Karina Assersen f. 1907.  
18.05: Jacob Haugland, f. 1899  
21.05: Ole Hydle, f. 1907  
26.05: Bjarne Pettersen, f. 1909  
06/06 Olav Loftås f. 1899

### Ofringane i kyrkjelydane

#### ARNA SOKN:

- 17.05: Søndagsskulen i Arna kr. 1.718,-  
19.05: Kyrkjelydshuset kr. 1.003,-  
26.05: Nordhordland Indremisjon kr. 2.105,-  
27.05: Modum Bad kr. 397,-  
02.06: Kristenrussen kr. 1.885,-  
09/06 Misjon bak jernteppet kr. 1.265,-

#### YTRE ARNA SOKN:

- 26.05: Nordhordland Indremisjon kr. 1.255,-  
02/06: Kyrkjelydsarbeidet kr. 685,-

## Presten har ordet



Øyvind Øy

### Abortkampen er dagsaktuell

Dagbladet nekta for ei tid sidan å ta inn ei lysing med bilete av eit foster. Lysinga var send inn av organisasjonen Pro Vita, som kjempar for det ufødde livs rett til å leve.

Skulesjefen i Bergen tar i Skolenytt nr. 4/1985 emnet opp under overskrifta «Abortstrid i grunnskolen». Her kjem han og inn på kyrkja si stilling i abortspørsmålet og det kan sjå ut som om det er delte meiningar i kyrkja i dette spørsmålet på same måte som når det til dømes gjeld trafikk- og miljøspørsmål.

I Vårt Land for onsdag 5. juni les vi at ein lærar i Bergen har mist retten til å undervise i kristendoms-kunnskap på grunn av undervisninga han har gjeve i abortspørsmål.

Døma som er nemnde ovanfor har naturleg nok mange sider ved seg, men dei viser oss i alle fall at abortdebatten er dagsaktuel. Mange er skræmde av den utvikling vi har hatt i den seinare tid i synet på fosteret sitt menneskeverd. Vi ser at folk reiser seg i protest når det vert hevda at fosteret har absolutt menneskeverd og krav på samfunnets vern. Difor er det viktigare enn nokon gong før å forsvare fosteret sin rett til å leve.

Vi opplever meiningsskilnad i magne spørsmål i kyrkja, men når det gjeld synet på abort er talen klar og ikkje til å ta feil av. Vi site-

rer frå biskopane sin uttale hausten 1982:

«Det absolutte menneskeverd gjelder ifølge Guds Ord ikke bare det for det fødte liv, men også for fosteret fra unnfangelsens øyeblikk. Både det ufødte og det fødte liv har prinsipielt den samme verdi, fordi det er begrunnet i menneskets gudebildelighet. Det er ikke holdepunkter i kristen tro og etikk for å hevde at menneskeverdet gradvis vokser frem og først kan sies å tre i funksjon et stykke ut i svangerskapet eller fra og med fødselen. Menneskeverdet er knyttet til det nye liv som begynner ved unnfangelsen. Noen annen grense lar seg heller ikke begrunne ut fra en biologisk betraktningssmåte».

Difor reagerer vi mot alle som sår tvil om dette standpunktet. Vi ventar og at dei som underviser i kristendomsfaget held fram det som er kyrkja si lære også i dette spørsmålet, naturlegvis på ein pedagogisk forsvarleg måte og innanfor dei rammer som Mønsterplanen gjev. Dette er viktig fordi vi har med spørsmål å gjere som er avgjerande både for det ufødde og det fødte liv.

Øyvind Øy.

### Barna er smykker

Den romerske statsmannen Cato gav en gang befaling om at det skulle skrives en liste over smykkene til de romerske kvinnene. Da pekte Cornelia, datter av Scipio Africanus på barna sine og sa: - Disse er mine smykker.

### FERIE FOR PRESTANE

Sokneprest Øy har ferie i tida 22.6.-21.7. og 13.-18.8.

Res.kap. Sundsbø har ferie frå 22.7.-13.8.

Til hausten skal sokneprest Øy ha studiepermisjon frå 1. sept. og i vel 3 månader. I den tida vil det vera pastor Helge Helgesen som vikarierar.



## VIDAR VIKØREN SLUTTAR I ARNA

— *tek over som organist  
i St. Petri Kirke  
i Stavanger*

Vidar Vikøren som har vore tilsett som organist i Arna sidan hausten 1982, har no sagt opp stillinga si for å ta til som organist i St. Petri Kirke i Stavanger. Vi har snakka litt med han i samband med at han no sluttar:

— **Kva har tida i Arna lært deg?**

— Eg har ikkje harr noko fast stilling som organist før eg kom til Arna og overgangen frå å vere vikar-organist er ganske stor. Som fast tilsett organist i full stilling får ein ansvar for både kunstneriske, forkynnande og administrative sider ved dette arbeidet.

Stillinga i Arna er slik at ein kjem inn om alle sider som vedkjem ein kyrkjemusikar, og omfattande praksis har vore både utfordrande og lærerikt.

— **Kva med orgelet i Arna Kyrkje?**

— Orgelet i Arna er bygd i ei overgangstid reint teknisk sett. Dette ber det vel og preg av, men det har fungert bra. Overraskande er det at sjølv om det ikkje kling bra oppe ved spelebordet, verkar akustikken i kyrkja slik at den bearbeider klangen slik at det gir god klang nede i kyrkja.

— **Du har hatt ein studiepermisjon medan du har vore tilsett her. Kva har du nytta den til?**

— Eg har studert med Daniel Roth ved konservatoriet i Strassbourg.

— **Kvifor akkurat der?**

— Daniel Roth står som representant for det nye i orgelspel når det

gjeld tolkning av spesielt Bach. Dette er ein skule som tolkar Bach utifrå datiden fingersetningar, orgler o.s.b. Dessutan er han ein fremragande spesialist på alt som er fransk orgelmusikk.

— **Kva utfordringar ventar du å møte i St. Petri?**

— Det blir ikkje riktig dei same arbeidsoppgaver som her i Arna. Sidan St. Petri er ei sentrumskyrkje, vil det bli eit noko større konsert-publikum.

Dessutan vil det bli ei utfordring å arbeide i ei så stor kyrkje.

— **Korleis er orgelet i St. Petri?**


— Dette orgelet er noko av det beste som er laga i vårt land i nyare tid. Dessutan er det nesten dobbelt så stort som orgelet i Arna.

— **Du har spela ein del orgelkonsertar, men du har ikkje debutert?**

— Eg har hatt planar om debutkonsert i lengre tid. No har eg vurdert om det i det heile har nokon hensikt. Eg spelar ein del konsertar og har eigentleg nok å gjere. Debutkonserten skulle vere ein prestasjon av musikeren og dette har kanskje ikkje nokon hensikt for meg no. Sjølve formen med debutkonsert har kanskje overlevd seg sjølv, og i alle fall er dette ikkje brukt andre stader i Europa.

Vi vil ynskje Vidar Vikøren lukke til i Stavanger og takke for innsatsen i Arna Kyrkjelyd.

## Ytre Arna Barnekor på tur



Ytre Arna Barnekor har vore i Eidfjord og teke del i Bjørgvin kyrkjesongsamband sitt kortreff for barnekor 7.-9. juni.

Det vr i alt 80 barn frå Ytre Arna, Slettebakken, Olsvik, Dale i Sunnfjord og Eidfjord.

Laurdagen hadde vi konsert der vi song kvar for oss og i lag.

Det var ei fin oppleving å vera med i det store felleskoret. Ellers hadde vi omvisning i Simadalen Kraftstasjon, fest i kyrkjestova og familiegudsteneste og mykje leik og moro.

Stemminga var stor heile tida og fleire meinte at skulle det verta fleire turar i framtida måtte dei gå til Eidfjord.

## Gud tenkjer annleis om det normale

Korleis møter vi funksjonshemma menneske? Med uvisse og medynk? Eller med respekt og sann fellesskap?

Den blinde Birger Viggen gjev i KABB-nytt ein tankevekkjar til alle såkalla «normale» menneske.

— Som blind oppfyller eg ikkje krava frå samfunnet til å vera normal, seier han. — Likevel har eg frimot til å meina at eg har verdi i samfunnet, fordi eg vurderer etter heilt andre kriterium. Guds syn på kva som er det normale og livsduglege, er nemleg jeilt annleis enn det vi menneske tenkjer.

Viggen fortel at han og mange synshemma opplever å vera offer for tyranniet til dei normale. Samfunnet er ikkje myta på dei som er annleis. Menneska snakkar ikkje med dei om anna enn synshemminga, sjølv om dei funksjonshemma er opptekne av mange andre tankar og idéar. Ja, ofte tenker dei til vanleg ikkje så mykje på at dei er blinde.

Sjølv vart Viggen blind etter ein alvorleg sjukdom då han var barn. Legane meinte det var best for han å døy, men Gud ønskte det ikkje slik.

— Eg trur Gud ville at eg, og andre born i liknande situasjonar, skulle få leva og dermed visa andre kva som er Guds tankar om det normale og livsduglege. Menneskelivet er rikt, verkeleg rikt. Vi får uendeleg mange inntrykk. Sjølv om ein av sansane våre manglar, er det overflod att. Derfor gjeld det å spørja etter det ein har, og ikkje etter det ein saknar, seier Viggen — til seg sjølv og andre.

## Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

### ARNA:

Arna sokneråd Bank:  
Boks 11 8440.31.05006  
5260 Indre Arna Post: 5779798

Kyrkjelydshus i Arna Bank:  
Vollavegen 45B 8440.21.04243  
5260 Indre Arna Post: 3498995

### YTRE ARNA:

Ytre Arna sokneråd Bank:  
P. Jepsensv. 39 3633.30.02625  
5265 Ytre Arna Post: 5935499

Kyrkjelydshuset Bank:  
P. Jepsensv. 39 3633.50.75093  
5265 Ytre Arna

Om nokon vil gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

## MISJONÆR-BREV FRÅ BJØRG MÆSTAD

Eg har fått besøk i stova mi på Voi i Kenya. Tidleg hadde Oripah gått heimanfrå. Ein times rask gange hadde det teke henne oppe frå fjellene og ned til vegen. Der hadde ho site og venta i over to timar på matatuen — ein overbygd pick-up som transporterar folk og varer. Den varme og overfylte bilen hadde så teke henne dei siste milene på støvete jordvegar inn til småbyen Voi. Men Oripah er van med mykje venting og lange, trøytande reiser. Difor klagar ho heller ikkje no, men gler seg over at ho er komen seg trygt fram.

Oripah er ein av dei mange ungdommane eg har fått kontakt med gjennom kristendomsundervisninga i den vidaregåande skulen på Voi. Ho vart ein kristen fyrste året ho gjekk på skulen, og vart ein av leiarane i skulelaget.

Eg er ein snartur på kjøkkenet for å setja på te-vatn, og då eg kjem inn att sit Oripah og les i Nytestamentet sitt. Etter at me har prata litt saman, spør eg om det er noko frå Bibelen ho vil dela med meg. Ho låner Bibelen min og les frå Josva kapittel 1:

«— grunna på Herrens lov dag og natt — då skal du ha lukke med deg i all di ferd, og det skal gå deg vel —».

«Dette er mitt ord», seier Oripah og ser opp fra Bibelen.

«Eg har alltid Nytestamentet mitt med meg i lomma», heldt ho fram. «Der er alltid nokre minuttar til å lesa — på bussen, i kvilepausane når me arbeider på åkeren heime, — eller medan eg ventar på deg no. —» Oripah ser på meg og seier stille: «Det er ikkje lett og vera ung i Kenya. Her er vanskeleg å få arbeid og tena pengar. Det er også vanskeleg å vera ein ung kristen. Her er så mange som vil dra meg bort ifrå Jesus. Her er så mange freistingar og farar. Men Jesus har gitt meg dette ordet — at eg skal grunna på Herrens lov dag og natt — då skal det gå meg vel —. Guds Ord er vorte så dyrebart og nødvendig for meg —», sluttar Oripah.

Eg vart så glad, der i stova mi, over dette fine vitnemålet frå Oripah. Ho minna meg om noko veldig viktig — at Guds Ord må få vera i hjertene våre — alltid.

Arbeidet som Norsk Luthersk Misjonssamband driv i Voi i Kenya, er eit media — og undervisningsarbeid. Kristen litteratur-traktatar, brevkurs og småbøker vert sendt ut frå Voi til heile Aust-Afrika. Gjennom språket Swahili som vert forstått av ca. 60 mill. menneske i Aust-Afrika, når me langt. På landsbygda er det lite lesestoff mellom folk, og alt som vert lagt i hendene deira vert teke imot og lese. Me har difor ein veldig mulighet i dag til



å nå ut med evangeliet. Ein mann frå Zaire som hadde fått nokre av traktatane våre, skreiv til oss og sa: «Me merkar ein aukande hunger etter Guds Ord i landet vårt». Dette er ikkje berre sant om Zaire, men om store deler av Aust-Afrika.

Gjennom radiosendingar ein gong i veka når me og ut til landa i Aust-Afrika. Radioen er eit statussymbol, og folk lyttar til alt som vert sendt. Me sender eit bibelopplæringsprogram, og mange skriv og takkar for at dei får hjelp til å forstå Bibelen.

Gjennom regjeringa sine vidaregåande skular når me unge frå mange delar av Kenya. Dei fleste vidaregåande skulane har internat, der studentane bur 9 månader i året. Som misjonær får me mange spørsmål om å koma og ta kristendomsundervisninga som står på timeplanen. Studentane har tre timar i veka i faget. Bibelen er læreboka og pensum er veldig sentralt. Me opplever at også her har Gud opna ei dør for oss. Vil du vera med å be om at me må få vera med å føra mange av desse unge fram til tru på Jesus Kristus?

### Bønn

Av Andreas Borch  
Sandsdalen

*Jeg legger i dine hender  
det livet jeg fikk av dig -  
og ber dig, min Gud, å føre  
sjelen på livets vei.*

*Jeg legger i dine hender  
den dag som idag er min -  
og ber dig, Herre, å gjøre  
dagen idag til din.*

*Jeg legger i dine hender  
det landet du gav oss  
til mor -  
og ber dig, min Gud, å verne  
vår elskede fedrenejord.*

*Jeg ber dig for hele verden  
og alt som i verden skjer.  
Du er min Herre og hyrde.  
Så frykter jeg intet mer.*

### Venskap

Du kan vinna fleire vener på to månader ved å interessera deg for andre, enn på to år ved å prøva å få andre interessert i deg. Heile løyndomen ligg i å byrja sjølv, i staden for å venta på dei andre.

### MØTE:

**Betania, Lone:**

27.06: Møte ved Indremisj.

29.06: Ungdomskveld BUF

30.06: Møte ved Indremisj.

07.07: Møte ved NLM

14.07: Møte ved BUF.

21.07: Møte ved Indremisj.

28.07. Møte ved NLM.

**Ytre Arna Bedehus:**

31.08: Samlingsfest kl. 18.00.

Tale og sang v/fam. Erdal  
Bevertning.



**A.S. STEPHANSEN A/S**

N - 5230 ESPELAND  
BERGEN - NORWAY

JANUS  
OF NORWAY



## NYTT FRÅ SOKNERÅDA

### Ytre Arna.

Orgelet i Ytre Arna Kyrkje er no i dårleg stand. Tilsynsmannen for orgela i Bergen, karakteriserar situasjonen som kritisk.

Spelepulten er dårleg, og mange av stemmene fungerer ikkje, og dei andre kan brått falla ut under speling. Dette har forverra seg mykje i det siste, og om noko ikkje blir gjort, kan ein resikera at vi får eit orgel utan lyd.

Ein har i lang tid vore merksam på dette, og på kommunen si prioriteringsliste over reparasjon av kyrkjeorgel har orgelet i Ytre Arna stått langt oppe.

Soknerådet sendte på møtet i juni brev til Kirkeavdelingen om den forverra situasjonen.

### Postgiroblankett til alle i Ytre Arna

Ytre Arna Sokneråd har gjort vedtak om å leggja postgiroblankett i kyrkjelydsbladet for å samla inn pengar til kyrkjelydsarbeidet.


Bakgrunnen for det er mellom anna utgiftene vi har hatt til menighets-elev dette året, og sivilarbeidar for neste skuleår.

Dette kostar noko, men soknerådet ser det som ei god hjelp i kyrkjelydsarbeidet.

Dessutan måtte soknerådet kjøpa ny skrivemaskin til kyrkjelydskontoret nyleg da den gamle ikkje kunne brukast lenger.

Turid Straume har sagt seg villig til å sy messehaket til kyrkja i fiolett, og stoff og utstyr skal kjøpast.

Soknerådet har no lite pengar til dette, men vi vonar folk i Ytre Arna vil vera med og støtta opp om det. Då kan postgiroblanketten nyttast. Takk for di gåve.



Fra Krigsropet.

**Solstrands  
Blomsterforretning**  
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50  
**Solstrand  
Begravelsesbyrå**  
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50  
*Alltid til tjeneste*

**VESTLANDSBANKEN**  
Banken i Arna — for Arna-  
folk, der alle kundar, store  
som små, er hjarteleg  
velkomne.  
**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

**ESPELAND  
GARTNERI**  
Telefon 24 08 09  
Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

**ESPELAND  
BEGRAVELSESBYRÅ**  
Telefon 24 08 08  
Begravelser og bisettelser  
ordnes. Transport med egen  
bil. Annonser, sanger, sløy-  
fer. Monumenter besørjes  
oppsatt.

Banken i Arna frå 1866  
**SPAREBANKEN**  
**VEST**  
AVDELING ARNA  
— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-  
forhandler

**GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår  
bensinstasjon!*

**Arnatveit Auto Senter**  
**J.B. Myklestad**  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har lavaste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

**ARNA ELKJØP AIS**  
Ytre Arna — telefon 24 81 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70  
Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP



# Velkommen til kyrkje

- 7/7 Arna kl. 11.00. Pastor Finn Jarle Sæle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.
- 14/7 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.  
Trengeid kl. 11. Pastor Finn Jarle Sæle. Nattverd.
- 21/7 Arna kl. 11.00. Sokneprest Olav Totland. Takkoffer til Kristent arbeid blant innvandrere.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Misjonshøgskolen.
- 28/7 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Olav Totland. Nattverd. Takkoffer til Den norske muhammedanarmisjon.
- 4/8 Arna kl. 11.00. Krins.sekr. Ingvard Hageberg. Takkoffer til Kristeleg kringkastingslag.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Blå Kors.
- 11/8 Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin bispedømeråd.  
Ytre Arna kl. 11.00. Krinssekr. Stein Ove Skadal. Nattverd. Takkoffer til Misjon bak jernteppet.
- 18/8 Arna kl. 11.00. Områdesekr. Stein Ove Skadal. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
Trengeid kl. 11.00. Stiftskap. Ivar Molde.
- 25/8 Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Bjørgvin Stiftssenter.  
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Modum Bad nervesanatorium.
- 25/8 Takvam kl. 16.00 Misjonsstevne. Krinssekr. Ingvard Hageberg
- 1/9 Arna kl. 11.00. Pastor Helge Helgesen. Nattverd. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding. Søndagsskule.
- 8/9 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00. Pastor Helge Helgesen. Takkoffer til Norges kristelege student- og skoleungdomslag.

## SØNDAG ER KYRKJEDAG

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.  
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.  
Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.  
Bladpengar: kr. 30,-.  
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.  
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30  
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.  
Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf. 24 85 46.  
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.  
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.  
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 7: 15. august.